



Sykkylven kommune

PLANID-
Arkiv: 15282018001,
GBNR-7/373, FA-L13
JournalpostID: 23/38186
Saksbehandlar: Arild Sunde Rinnan
Dato: 01.11.2023

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
PS-56/23	Nærings- og utviklingsutvalet	15.11.2023

Detaljregulering del av Grebstadvegen - Politisk behandling før 2.gongs høyring og offentlig ettersyn - Ny behandling etter tilbakesending til administrasjonen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Planforslaget til Detaljregulering for del av Grebstadvegen (planid 15282018001) vert lagt ut til 2.gongs høyring og offentlig ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 12-11.

Før planen blir sendt på høyring skal plandokument oppdaterast med bakgrunn i justert vegløyning i krysset Grebstadvegen-Kagholvegen sidan NU-møtet 18.10.2023.

Nærings- og utviklingsutvalet - 56/23

NU - behandling:

Arealplanleggar Arild Sunde Rinnan presenterte nye alternativ og svara på spørsmål.

Røysting:

Framlegget til vedtak frå kommunedirektøren blei samrøystes vedteke

NUVedtak:

Planforslaget til Detaljregulering for del av Grebstadvegen (planid 15282018001) vert lagt ut til 2.gongs høyring og offentlig ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 12-11.

Før planen blir sendt på høyring skal plandokument oppdaterast med bakgrunn i justert vegløyning i krysset Grebstadvegen-Kagholvegen sidan NU-møtet 18.10.2023.

Bakgrunn for saka

Nærings- og utviklingsutvalet behandla plansaka for Grebstadvegen før 1. gongs høyring og offentlig ettersyn i møte 24.06.2019. Saka var ute til høyring til 28.08.2019. I tida etter stoppa den vidare behandling av plansak opp av ulike grunnar og vart ikkje tatt ordentleg opp att før januar 2022. I tida etterpå har kommunen, i samarbeid med Nordplan jobba med å bearbeid merknader og planforslaget. Sidan det er lang tid sidan planen var til høyring og det er gjort endringar i planen som

kommunen vurderer bør gis moglegheit til å sikrast medverknad frå offentlege og private, så blir planforslaget lagt fram med forslag om eit nytt offentleg ettersyn.

Reguleringsplanen var opp til behandling i NU-møtet 04.09.2023, med innstilling om å legge planen ut til 2. gongs høyring. Planen vart sendt tilbake til administrasjonen med følgjande vedtak:

“Nærings- og utviklingsutvalet sender planen tilbake til administrasjonen for å sjå på moglegheitene for å gjere vegkrysset Kagholvegen/Sjurvegen meir brukarvenleg, og at gangvegen og vert vurdert på ny for å gjere den tryggare for gåande.”

Administrasjonen har vurdert delar av reguleringsplanen på nytt med bakgrunn i NU-vedtaket og legg planen fram for ny behandling.

Saksopplysningar

Planforslaget er utarbeida av Nordplan AS. Forslagsstillar er Sykkylven kommune. Bakgrunnen for planarbeidet var behovet for å oppgradere dagens reguleringsplan for Grebstadvegen frå 1989. Eit forprosjekt vart utarbeida av Nordplan AS og lagt til grunn for det vidare planarbeidet. Løysinga som vart valgt var ein tofeltsveg med fortau som fekk ei samla reguleringsbredde på 12 meter. Reguleringsplanen frå 1989 hadde ei reguleringsbredde på 16,5 meter.

Til 1.gongs høyring kom det inn 13 merknader til planforslaget. 3 offentlege og 10 private. Desse er oppsummert og kommentert i vedlegget “Grebstadvegen_Merknadsvurdering etter 1. gongs høyring og offentleg ettersyn rev.07.11.2023”.

Omtale av planforslaget

Planområdet strekkjer seg frå kryss mellom Grebstadlia og Grebstadvegen i vest, til kryss mellom Grebstadvegen og Fv. 5916 Dalevegen i aust. Tiltaket omfattar etablering av fortau langs Grebstadvegen, for å skape samanheng i gang- og sykkelvegssystemet i lokalvegnettet. I tillegg består reguleringa av oppgradering av Grebstadvegen, med kopling til Kagholvegen og Eimsvegen. Vegtiltaket tilpassar seg i stor grad landskapet og eksisterande busetnad langs vegen. Slik Grebstadvegen ligg i dag slyngar den seg naturleg gjennom gardstuna. Denne kvaliteten er forsøkt ivarettatt, og kan medverke til å dempe farten på strekninga. Den gir ei visuell god linjeføring både for mjuke trafikantar og køyrande.

Sidan sideterrenget for store delar av vegstrekninga er relativt flatt vert det heller ikkje dei store terrenginngrepa, og ein kan lage gode overgangar frå grøfter til naturleg terreng. Unntaka er ved krysset mellom Kagholvegen og Grebstadvegen og ved krysset mellom Eimsvegen og Grebstadvegen. Her vil vegen skjere seg ein del inn i terrenget.

Planforslaget vil skape tryggare kryss og kryssingspunkt. I planforslaget opprettheld ein etablerte avkøyrslar langs Grebstadvegen, både for bustadar og landbruk.

Avkøyringa til Eimsvegen vert som følgje av planforslaget lagt om, og trafikken leia inn på Grebstadvegen. Unntaket er gnr.7 bnr.160 og gnr.8 nr.11 som framleis vil ha direkte avkøyring til Dalevegen, i ei samla avkøyrsl. Desse eigedomane er orienterte mot fv. 5916 Dalevegen.

Vurdering

Krysset Kagholvegen/Grebstadvegen

I området rundt Kagholvegen/Grebstadvegen har det blitt lagt ned mykje arbeid i å tilpasse ny Grebstadveg og ny Kagholveg inn mot krysset slik at området blir oversiktig og trafikktrygt både for køyrande og gåande. Ein god vegløyning har vore førsteprioritet, men ein har også forsøkt å “fordelt

byrdene” av ny veg på ulike eigedomar inn mot vegen. Ved behandling av saka i NU den 04.09.2023 vart saka sendt tilbake til administrasjonen for å sjå på alternative kryssingar av Grebstadvegen for gåande og gjere vegkrysset meir brukarvenleg. NU meinte at kryssinga som var foreslått ville ligge for nær vegkrysset Grebstadvegen/Kagholvegen slik at trafikkbildet kunne bli uoversiktleg for køyrande, med påfølgande høgare risiko for trafikkulykker. I planforslaget blir no kryssinga av Grebstadvegen trekt noko lenger vestover på ei oversiktleg strekning som vil gjere at ein vil få færre gåande som krysser Grebstadvegen nær vegkryss Grebstadvegen/Kagholvegen og ein reduserer “villkryssing” der gåande vil gå utanom dei tiltenkte ganglinjene. Sjå også vurderingane frå Nordplan i vedlagt dokument. Veglinja er også trekt noko lenger nordover i dette området samanligna med planforslaget presentert på NU-møtet 18.10.2023. Oppdatert plankart ligg ved saka.

Sjurvegen

Ved 1. gongs høyring var det foreslått ei omlegging av nordre del av Sjurvegen som ville gje ein alternativ tilkomst til Sjurvegen, aust for gnr.7 bnr.26, som ville gitt betre stigningsforold og sikrere kryssing av Grebstadvegen. Slik Sjurvegen er utforma no vil ein komme bratt nedover og ende rett ut i krysset Kagholvegen/Grebstadvegen. I samband med planarbeidet vart det utført arkeologiske registreringar innanfor planområdet. På området der omlegginga av Sjurvegen var planlagt vart det funnet verdifulle automatisk freda kulturminner. Det vart gjeve tilbakemelding på at denne lokaliteten kunne bli kostbar å grave ut. Kulturavdelinga råda kommunen til å la denne lokaliteten ligge i vern og heller sjå på mogligheita til å behalde/utbetre eksisterande avkøyrsløse på nordlege del av Sjurvegen. På grunnlag av dette har kommunen tatt bort den alternative vegen til Sjurvegen og lagt opp til ei endra vegføring for nordre del av dagens Sjurveg, slik den blir liggande som ei avkøyrsløse til Kagholvegen og ikkje som ei tredje vegarm ut i krysset. Ei justering av veglinja til Grebstadvegen nordover sidan planforslaget presentert i NU-møtet 18.10.2023 har gjort at Sjurvegen vil føre til mindre terrengingrep før vegen treff Kagholvegen.

I samband med at det skulle bli ei omlegging av Sjurvegen så kom det eit ønskje frå grunneiar på gnr.7 bnr.1 om å få regulert inn ei bustadtomt på det som no er landbruk-, natur- og friluftsområde (LNF) vest for planlagt omlagt veg. Sidan omleggingsvegen no takast ut av planforslaget er det ikkje lenger aktuelt å tilpasse denne vegen for å regulere inn ei bustadtomt. Uansett så vurderer kommunen at det ikkje hadde vore ønskeleg å innlemme nye bustadtomter i reguleringsarbeidet med ny Grebstadveg.

Dagens avkøyrsløse til Eimsvegen frå Dalevegen

I planforslaget som var til høyring var det foreslått å stenge eksisterande avkøyrsløse Eimsvegen har til Dalevegen. Det kom merknader frå dei to husa som ligg nærast denne avkøyrsløsa at dei gjerne vil behalde denne avkøyrsløsa slik dei ikkje trong å køyre om Grebstadvegen for å komme seg ut på Dalevegen. Eigedomar gnr.7 bnr.160 har på eige initiativ tatt bort sin direkteavkøyrsløse til Dalevegen og heller orientert denne mot Eimsvegen. Den andre eigedomar gnr.8 bnr.11 har ein tilkomst som er orientert mot Dalevegen og ei stenging av eksisterande avkøyrsløse mot Dalevegen vil vere upraktisk for denne eigedomar. Kommunen vurderer at ved å avgrense bruk av eksisterande avkøyrsløse til desse to eigedomar, samstundes som at direkteavkøyrsløsa til 7/160 er stengt, så kan ein akseptere å oppretthalde denne avkøyrsløsa til Dalevegen. For å sikre at ikkje fleire vil nytte denne avkøyrsløsa til Dalevegen er det lagt inn eit rekkjefølgjekrav i planen at når Eimsvegen kopløst til Grebstadvegen så skal dagens kopling vidare mot Dalevegen fysisk stengast, ved område J4 i plankartet.

Kulturminner

Ved arkeologisk registrering vart det funnet 4 område med automatisk freda kulturminne. Lokaliteten ved Sjurvegen er allereie nevnt (ID 265860) og omleggingsvegen er tatt ut av planforslaget så lokaliteten bli bevart. Det er to andre lokalitetar som blir liggande i vegtraseen for Grebstadvegen (ID 265866) og nye Eimsvegen (ID 265906). På desse lokalitetane har kommunen vurdert at ein ikkje kan legge vegtraseen utanom kulturminnesonene. For desse ønskjer kommunen at fylkeskommunen i det offentlege ettersynet vurderer å gje ein dispensasjon frå kulturminnelova § 8, eventuelt vilkår for frigjeving.

Lokaliteten med ID 265902 blir mindre råka no enn i planforslaget ved sist offentleg ettersyn då veglinja er justert. Av omsyn til blodbøkane som står ved gardstunet til gbnr. 7/9, er det ikkje ønskjeleg å flytte veglinja enda lengre mot nord. Deler av sikringssona, merka #2 i plankartet, er regulert til vegformål. Sjølv kulturminne og den delen av sikringssona som ikkje er regulert til vegformål er sikra med omsynssone, bandlegging etter lov om kulturminne, H730_1. Før iverksetjing av tiltak innanfor #2, skal lokaliteten sikrast med fysisk inngjerding. Oppsett av gjerde utformast i samarbeid med Fylkeskommunen.

Blodbøker

På gnr.7 bnr.9 står det to blodbøker som ein portal til innkøyinga til eigedomen. Desse har eigaren ønskje om å bevare. Kommunen ønska å imøtekome dette og kontakta ein arborist som gjorde vurderingar av veglinja opp mot rotsystemet til trea. Det var i dette område, på andre sida av vegen, eit automatisk freda kulturminne som ein også måtte ta med i vurderinga. Arealet rundt blodbøkane si kritiske rotsone er merka med vilkår for bruk (#11 i plankartet). Dersom de likevel må gjerast tiltak innanfor kritisk rotsone skal dette følgast opp av arborist.

Oppsummering

Det er gjort ein del justeringar i planen sidan 1. gongs høyring og offentleg ettersyn. Justeringar av vegtrase og vegløyser påverkar bruk av private eigedomar, å oppretthalde avkøyrsla til dagens Eimsveg frå Dalevegen krev vurdering av eigar av fylkeveg og vurdering av dispensasjon frå kulturminnelova krev behandling av kulturavdelinga hjå fylkeskommunen. Ei samla vurdering gjer at administrasjonen anbefalar eit nytt offentleg ettersyn av planen før planen kan vurderast til eigengodkjenning.

Økonomiske konsekvensar

Kommunen står for utgiftene til reguleringsarbeidet, grunnverv til ny veggrunn og bygging av ny veg og fortau.

Torbjørn Emblem
kommunedirektør

Vedlegg:

15282018001-Grebstadvegen-Føresegner rev.091023

15282018001-Grebstadvegen-Plankart rev. 07112023

15282018001-Grebstadvegen-Planomtale rev.10102023

Notat trafikktryggleik kryssingspunkt Grebstadvegen-Kagholvegen 26.10.2023

Merknad 1. gongs høyring Grebstadvegen_samla

Grebstadvegen_Merknadsvurdering etter 1. gongs høyring og offentleg ettersyn 07.11.2023

Arkeologisk fagrapport - Grebstadvegen 2019

Detaljregulering Grebstadvegen - tilbakemelding på automatisk freda kulturminne

Bilder synfaring låve Jan Inge Espe 09.12.2022

Sandal parkdrift AS_Vurdering - 2 stk blodbøk ved Grebstadvegen

15282018001-Grebstadvegen-ROS-analyse 070519